

Saksframlegg

Arkivreferanse: 2019/25143- 1
Saksbehandler: Arne Hope
Avdeling: Fylkesrådmannen

Plattform for Vestlandsrådet

Sakens gang

Saksnummer	Møtedato	Utvalg
		Vestlandsrådet

Fylkesrådmannens innstilling

Vestlandsrådet vedtek framlegg til ny plattform slik han ligg føre.

Inge Smith Dokken
fylkesrådmann

Arne Hope
sekretariatsleiar

Bakgrunn for saken

Plattforma vart sist vedteken i møtet 17. mars 2014. Samarbeidsavtale og vedtekter vart for øvrig revidert i same møte.

Det har no gått fem år sida sist revisjon av plattforma. I første omgang kan ein vurderer om ein skal ha ei fast plattform eller om ein skal operera med eit handlingsprogram som vert rullert med faste mellomrom.

Fordelen med ein fast plattform er at denne kan endrast til ei kvar tid dersom Vestlandsrådet ønskjer det. Den bør likevel vera såpass generell at dette i liten grad vert naudsynt.

Fylkesrådmannen har nokre forslag til endring i plattforma:

I det innleiande avsnittet står det at Bergen og Stavanger har observatørstatus i Vestlandsrådet. Ein konstaterer at denne i liten grad har vore nytta. Slik sett kunne dette vore teke bort, men fylkesrådmannen er redd for at dette kan tolkast som eit signal om at ein ikkje ønskjer eit samarbeid med storbyane. Så trass i at desse byane hittil ikkje har delteke aktivt, så foreslår ein likevel ikkje at den vert teke bort.

Plattforma er for øvrig i 6 punkt; *samferdsel, fellesprosjekt mellom dei fire fylkeskommunane, felles oppgåveløysing: samarbeid og erfaringsutveksling, politisk beredskap, internasjonalt arbeid og kultur.*

På møtet 15.02.2019 vart det vedteke å satsa på *samferdsel, marin forsøpling, cruise og reiseliv, internasjonale engasjement, infrastruktur og kultur og identitet.*

Ein kan ikkje sjå at det skal vera nokon motsetning mellom desse listene. Plattforma er på overordna nivå, medan Vestlandsrådet vedtek kva som til ei kvar tid er viktig innafor plattforma.

Nærare om dei einskilde satsingsområda i plattforma

1. Samferdsel

Noverande plattform prioriterer fergefri og opprusta E39 mellom Kristiansand og Trondheim, kostnadsutviklinga for riksvegferjene, forfallet på vegnettet, økonomiske rammer til prioriterte prosjekt, samt rassikring.

Fylkesrådmannen meiner at det også bør inn noko om klima- og miljøvenleg transport. Dette framgår av nytt framlegg, der også tiltaket «grenseoverskridande billetteringssystem på Vestlandet» er flytta frå pkt 2.

Nasjonal rassikringsgruppe har stilt krav om at det ved rullering av Nasjonal Transportplan (NTP) vert laga ein heilskapleg, nasjonal plan for skredsikring av riks- og fylkesvegnettet innan høg og middels skredfaktor.

Spørsmålet er om dette skal konkretiserast i plattforma, eller om Vestlandsrådet skal fatta eit eige vedtak om dette. Fylkesrådmannen foreslår at nåverande tekst i plattforma vert ståande, og at kravet om heilskapleg rassikringsplan vert teke som innspel til NTP 2022-2030.

2. Fellesprosjekt mellom dei fire fylkeskommunane

Her er lista opp ei rad konkrete tiltak. Nokre av dei arbeider Vestlandsrådet med no, medan til dømes marin forsøpling ikkje står i plattformen.

Under dette punktet bør ein ikkje vera for detaljert, for i så fall må ein justera plattformen for kvart nytt fellesprosjekt. Pkt 2 bør altså formulerast litt ope.

3. Felles oppgåveløysing: Samarbeid og erfaringsutveksling

Teksten under dette punktet gjev signaler om eit breitt samarbeid på fleire felt, og som ikkje har vore på dagsorden i Vestlandsrådet dei siste åra. Tvert om har rådet spissa verksemda si, jf. dei satsingsområda som nyleg er vedteke. Punktet dreier seg om erfaringsutveksling felles oppgåveløysing på driftsområdet.

Fylkesrådmannen meiner at punktet er overflødig, og foreslår at det vert stroke. Samordning av kollektivtilbodet er dekkja inn andre stader.

4. (Nytt pkt 3) Politisk beredskap

Punktet handlar om ein generell politisk beredskap når det gjeld saker som gjeld Vestlandet. Det står og at Vestlandsrådet skal ta initiativ til fellesmøte med representantar frå regjeringa og Stortinget.

Politiske initiativ vil i regelen koma frå AU og medlemene i rådet, eventuelt frå sekretariatet. Dette er nærare drøfta i sak om organisering.

5. (Nytt pkt 4) Internasjonalt arbeid (internasjonalisering)

Foreslår å stryka ordet «internasjonalisering» i overskrifta.

Frå 2020 blir alle fylka representert i Europapolitisk forum. Tidlegare hadde Vestlandsrådet ein plass for alle 4 fylker.

6. (Nytt pkt 5) Kultur

Det er litt ulike synspunkt i fylka om kulturen sin plass i vestlandssamarbeidet. Nåverande tekst i plattformen bør i alle høve endrast til: «*Vestlandsrådet engasjerer seg i aktuelle saker der dei tre fylka har klare fellesinteresser (jf. den politiske beredskapsrolla).*»

Har og føyd til eit punkt om kyst- og fjordkultur.

Dette dokumentet er elektronisk godkjent.